



Archiv für Agrargeschichte Archives of rural history
Archives de l'histoire rurale AFA AHR ARH

RAPPORT FRÅ STUDIETUR TIL ARCHIV FÜR AGRARGESCHICHTE

BERN, SVEITS

SEPTEMBER 2022



Romsdalsmuseet

Bakgrunn for studieturen

I Noreg har ein over nokre år sett ei alternativ etablering av arkivinstitusjonar med ei avgrensing til *tema* meir enn til den klassiske *geografiske* avgrensinga. Døme på dette kan vere Skeivt arkiv i Bergen og Misjons- og diakoniarkivet i Stavanger. Både desse har eit nasjonalt nedslagsfelt både i høve innsamling, formidling og forskning.

I Sveits oppretta ein *Archiv für Agrargeschichte* (Archives of rural history) i Bern i 2002. Denne arkivinstitusjonen er likt med dei norske døma hovudsakleg *tematisk* grunngeve (agrarhistorie/eigedomshistorie) og med *nasjonalt* nedslagsfelt (Sveits). Institusjonen, samlingane og arbeidsfeltet skil seg likevel monaleg frå dei norske døma på fleire sentrale område, der det mest interessante med arkivinstitusjonen *Archiv für Agrargeschichte* å undersøkje på den omsøkte studieturen, var:

1: Det store fokuset institusjonen har på forskning.

2: At arkivinstitusjonen ikkje berre driv bevaring av originalkjelder, men også sit med store samlingar av kopiar og katalogdata frå andre arkivinstitusjonar i landet som har arkivmateriale innanfor feltet agrarhistorie/eigedomshistorie.

Målet med studieturen var særleg å auke forståinga for korleis ein driv forskingsretta arkivarbeid på ein mindre/mellomstor arkivinstitusjon i Sveits, der det vidare målet var at dette både skulle vere direkte nyttig for institusjonen Romsdalsmuseet med si sterke prioritering i seinare år særleg på arkivarbeid og på forskning, og også for den norske arkivsektoren meir generelt.



Peter Moser (leiar for Archiv für Agrargeschichte) og Mads Langnes (Romsdalsmuseet)

Studieturen

Gjennomføringa av studieturen frå Romsdalsmuseet si side vart utført av førstekonservator Mads Langnes, som sjølv har ein dr.philos.-grad i historie. Langnes har tidlegare vore ansvarleg for

arkivarbeidet ved Romsdalsmuseet, og har dei siste åra vore ansvarleg for forskingsarbeidet både ved Romsdalsmuseet og hatt rolla som forskingskoordinator for alle musea i Møre og Romsdal.

Turen vart gjennomført i form av ei hospitering hjå Archiv für Agrargeschichte to dagar i slutten av September 2022.

Fagleg utbytte

Under besøket vart det lagt særleg vekt på å det forskingsretta arbeidet til institusjonen. Archiv für Agrargeschichte viste seg å ha eit svært stort fokus på *forskning*, trass i at det er ein mindre arkivinstitusjon. Mellom anna viste Peter Moser (leiar for institusjonen) til at blir det publisert ei rekkje vitskaplege bøker og artiklar, samt at dei tilsette er aktive med innlegg på forskingskonferansar, i ymse forskingsmiljø osb også utanfor sjølve arkivsektoren. Mellom anna er institusjonen av grunnleggarane av både European Rural History Organization og European Rural History Film Association.

Det viste seg at institusjonen er organisert som eit uavhengig institutt, med fokus både på arkivarbeid, forskning og formidling. Institusjonen driv både klassisk arkivarbeid i form av oppdrag med ordning/katalogisering av privatarxiv innan landbrukssektoren, men er også det dei sjølv omtalar som eit «virtuelt arkiv». I dette omgrepet legg dei at dei også held oversyn over arkiv med relevans for landbruk og bygdesamfunn som ikkje er oppbevarte hjå dei sjølve, men som enten er oppbevart i statlege arkivinstitusjonar eller hjå arkivskaparane sjølve. I forbindelse med dette har dei eit omfattande samarbeid med det føderale arkivet, statsarkiva, spesialarkiv som Swiss Economic Archives og Nasjonalbiblioteket i Sveits.


Når det gjeld forskning, produserer institusjonen og dei få tilsette eit imponerende omfang av bøker og artiklar, og tek også del på ei rekkje internasjonale konferansar med tema innan landbruk og bygdesamfunn. Dette arbeidet blir delvis finansiert som rein oppdragsforskning, men også ved at institusjonen legg stor vekt på deltaking i nettverk og prosjekt med universitets-/forskingssektoren som er sjølvfinansierande. Til dømes har institusjonen pågåande forskingsprosjekt i samarbeid med Massachusetts Institute of Technology MIT i Boston (USA), National University of Ireland NUI i Galway, Institute for Rural History IGLR i St. Pölten og Institute of History ved University of Bern. Ein del av forskinga blir også finansiert ved inntektene institusjonen får for oppdraga med ordning/katalogisering av arkiv. Til saman er det om lag 5-8 tilsette, med ei blanding av fast tilsette, prosjekttilsette, hospitantar og studentar – med eit fokus på forskning.



Peter Moser med den siste tilveksten til arkivet, den agrarhistoriske doktoravhandlinga til hospitanten.

Romsdalsmuseet hadde stor nytteverdi av studieturen. Det var av stor interesse å lære meir om korleis ein greier å gjere ein forholdsvis liten arkivinstitusjon til ein viktig bidragsytar også når det gjeld forskning, både på nasjonalt og delvis internasjonalt nivå. Ei slik organisering tener til ettertanke og inspirasjon, og vonleg vil dette vere av interesse også for fleire institusjonar i Noreg. Som eit sluttresultat av turen, er målet difor også å skrive ein lengre forskingsartikkel om dette emnet, i tillegg til denne korte rapporten.

Avslutningsvis vil me også peike på nytten av internasjonal nettverksbygging. Turen medførte kontakt også i ettertid, og der det vil bli ytterlegare kontakt i samband med utarbeiding av det som vonleg vil bli ein forskingsartikkel.



Plansje frå Archiv für Agrargeschichte